



Telepost 2/2010 Oslo 20.04.2010

Gode Telelagsvener!

Sola skin, hestehoven, blåveisen og krokusen er komen fram.

Det er vår, og me har øvingar i Telelaget med flotte speldamer/menn, da kan me vel ikkje ynskje oss meir?

Kurset i Teledans på Drolsum 23. til 25. april er diverre avlyst. Rettleiarane og spelemann måtte dra tidleg søndag morgon så styret og dansenemnda bestemte seg for å avlyse. Me prøvde å få eit 3-timars kurs torsdag 22. april i staden, men det synt seg at rettleiarane må stille på eit møte i samband med eit stort kulturprogram i Heddal akkurat denne dagen, slik at me fer heller ikkje til det. Me fer prøve å ta det att til hausten.

18. mars var Sigbjørn Rua hos oss i Telelaget og Kenneth de Gala var spelemann. Kurset vara i 3 timer og eg trur at alle som var tilstades var kjempe fornøyde.

Styret har diskutera medlemspengane og det blei tatt opp på medlemsmøte 3. mars i kaffepausa.

Der blei det bestemd at:

Medlem over 26 år:

Kr.350,-

Medlem som betaler avgift til BLS/NU gjennom et anna lag 175,- Kr

Medlem under 26 år: Kr

200,-
(dersom medlem i anna hovudlag i BLS, reduseras prisen)

Kaffepenger på øving:

Medlem over 26 år Kr. 20,-

Medlem mellom 20 og 26 år Kr. 10,-

Alle under 20 år: Gratis

Ikkje-medlem over 26 år Kr. 50,-

På siste øving spela Kongsberg spelemannslag, oppmøtet var bra og dansen heftig. Fine greier! 15. april spela Øystein Hovden. Flott spel og god dans.

24.april er det Buskerudkappleik på Hønefoss. Skal me dra dit?

Nå er det atter snart 17. mai og me planlegg som vanleg framsyningar på sjuke/aldersheim, og kos både før og etter framsyningane.

16. til 18. juli blir det tur til Tuddal. Joar har skaffa overnattingsplass og Karin har avtalt framsyning på Tuddal Bygdetun den 18. juli.

Tørk støv av danseskoa og kom på dei siste danseøvingane i vår!

Live

Kva skjer frametter vinteren/våren?

24.april Buskerudkappleik, Hønefoss

17.mai Framsyning

23-27. juni Landskappleiken på Voss

16.-18.juli Tuddalstemnet

Påminning frå kasseraren:

Påminning om at medlemspengane for 2010 kan betalast inn til konto:
2699 41 78511

Telelaget i Oslo

Nordahl Brunsgt. 22

0165 Oslo

Det er fint om du betaler medlemspengane snarast råd. Vår økonomi vert då meir oversikteleg og forutsigbar. Ver god å gje ei melding til kasseraren dersom du av ein eller annan grunn ikkje ynskjer å halde fram som medlem, slik at vi slepp å sende ut unødvendige purringar. Ver snill og meld om adresseendringar, nye telefonnr., og til deg som fer denne Teleposten i postkassa; har du E-postadresse, gje den til Telelaget au slik at me kan spare litt porto.

HELSING

STYRET OG STELL I TELELAGET